

Smittevernsretteleiar for Bergen Arkitekthøgskole

Gyldig frå og med 17.08.2020

Smittevernsretteleiaren for BAS har som føremål å avgrense risiko for og omfang av smitte ved skulen. Utgangspunktet er at alle som har opphalde seg meir enn 15 minutt i mindre enn 2 meters avstand til ein som har fått påvist smitte skal gå i karantene. Difor ønskjer me at klassen din skal vere din primære omgangskrins og at salen dykkar er din hovudopphaldsstad når du er på skulen. Jo meir ein avgrensar omgang med andre klassar og opphald på andre stader, jo meir reduserer ein smitterisikoen.

Dersom ein student eller tilsett får påvist smitte vil skulen gje alle beskjed. Det vert sett i gang nedvask og dei som har vore i kontakt med vedkommande vert sett i karantene.

Dei typiske symptoma på koronasmitte er hoste, feber, tungpust og redusert/endra smaks-/luktesans.

Hovudreglane våre er enkle og skal overhaldast til ei kvar tid:

Hald 1 meter avstand til dei rundt deg. Vask hendene grundig og ofte. Desinfiser hender og kontaktflater hyppig. Minimer berøring i andletet.

Har du symptom? Hald deg heime, meld ifrå til hjelpelærer/hovudlærer og følg undervisningsopplegget digitalt dersom du er i god nok form. Ring koronatelefonen på 55 56 77 00 for å høyre om du bør testast eller bestill test gjennom Bergen kommune sine nettsider.

Får du påvist smitte må du gje beskjed med det same. Du melder frå ved å sende ein sms til Cecilie på 988 36 892 der du orienterer om testresultat og skriv fullt namn og årstrinn/masterkurs. Skriv gjerne til hjelpelærer/lærer i tillegg. Du kan kome attende til skulen 7 dagar etter symptomfridom, men tidlegast 14 dagar etter symptomdebut. Følg elles instruksjonar frå lege.

Følg til ei kvar tid med på informasjon frå skulen og på FHI for oppdaterte retningslinjer: www.fhi.no.

1.0 Generelt

- Er du i risikosona? Meld skriftleg frå til skulen snarast råd.
- Meld umiddelbart frå til vaktmeister Isak dersom det er tomt for handsprit eller såpe.
- Vis omsyn til kvarandre ifht. støy, nærkontakt, etc.
- Klassen vert sett på som ei større eining og kan bli sett i karantene ved smitte. Det er difor viktig å minimere ferdsel og opphald utanfor salen dykkar.
- Alle burde ha si eiga gjenbrukbare maske tilgjengeleg. Om du får symptom medan du er på skulen og mangler maske kan du hente ei hjå Isak på veg ut.

2.0 Når du er på BAS

2.1 Sjekk salkapasiteten

På kvar dør står det kor mange som til ei kvar tid kan opphalde seg i rommet i tråd med 1-metersregelen. Heile kull/kurs har moglegheit å sitte med minimum 1 meters avstand til ei kvar tid på salen dei har fått tildelt.

2.2 Rørsle på bygget

For å minimere smittespreiing ber vi deg halde rørsle på bygget til eit minimum. Planlegg kvar du skal og kva du treng ha med deg når du til dømes skal på verkstaden.

Bruk trapp heller enn heis så langt det let seg gjere.

2.3 På salen

Pass på å halde orden på salane. Dette er klassen sitt felles ansvar.

Hald orden og reingjer plassen din jamnleg. Merk materialet ditt godt.

Ha ditt eige utstyr tilgjengeleg og minimer låning av t.d. teikneutstyr, data etc.

Luft regelmessig ved å opne glas eller døra ut til branntrippa. Lufting skal skje ut av bygget og ikkje mellom salar, då dette kan føre til auke i smittespreiing frå ein sal til ein annan.

2.4 Auditoriet

Følg maksimumsgrense for personar i auditoria. Det er mogleg å ekspandere inn i kantina ved behov, men hugs på 1-metersgrensa.

2.5 Kantina

Ta heller med deg matpakke enn å bruke felleskjøkkenet.

Ha gjerne ditt eige sett med fat og bestikk.

Pass på avstand når de sit ved borda.

Me oppmodar til å bruke kjøkkenet og kantina så lite som råd, men dersom du skal lage mat skal kontaktflater spritast både før og etter bruk.

2.6 Verkstadane

Hugs 1 meters avstand og reingjering av kontaktflater både før og etter du er ferdig. Kast avkapp og rydd alltid opp etter deg.

Bruk verkstaden berre til effektivt arbeid og unngå å bli ståande for å bygge modellar o.l. Ved prekært behov kan ein kontakte administrasjonen for å få sette opp ein arbeidsplass i nærleiken av verkstaden.

2.7 Biblioteket

Biblioteket er eit stillerom og ikkje for bruk til diskusjonar.

Berre eit avgrensa tal gjestar kan vere i biblioteket samstundes. Dersom du veit kva bok du er ute etter kan du skrive mail til bibliotekar Line og be henne finne fram boka. E-postadressa hennar er line@bas.org.

2.8 Utandørs

Unngå å sitte / stå tett i store grupper.

Saunaen er stengt inntil vidare.

2.9 Administrasjonen

Send e-post (adm@bas.org) eller ring (55 36 38 80) dersom du ønsker svar på noko som ikkje krev at du møter opp personleg.

Oblat for betalt studieavgift vert delt ut av lærar.

Nøklar og studentbevis til nye studentar vert delt ut fyrste skuledag.

Fylling av printekort vert gjort via e-post.

2.10 Parkering / tilkomst

Skulen har berre bilparkering for studentar med gyldig løyve. Kontakt administrasjonen dersom du har behov for dette.

Unngå kollektiv transport dersom du kan.

Syklar kan parkerast både utanfor skulen og i hallen på avsette plassar.

3.0 Når du er i felt / på studietur

- Vask hender hyppig og grundig. Ha Antibac eller såpe tilgjengeleg til ei kvar tid.
- Hald 1 meters avstand.
- Ha eige utstyr tilgjengeleg og minimer låning av f.eks. teikneutstyr.
- Sprit ned fellesutstyr før og etter bruk. Felles toalettfasilitetar skal spritast ned dagleg.
- Del dykk inn i kjernegrupper som bur ilag og lagar mat saman heile opphaldet.
- Undersøk om det finst alternativ til kollektiv transport, f.eks låne/leige bil.
- Om du får sjukdomssymptom skal du halde deg isolert og helst bruke maske til ei kvar tid. Meld frå til lærar/hjelpelærar. Kontakt dei lokale smittevernsmyndigheitene for å høyre om du skal testast.

4.0 Hvis du må halde deg heime

- Oppstart på skulen er vanlegvis klokka 9. Om du ikkje kan møte opp skal du melde frå til hjelpelærar/hovudlærar så tidleg som råd.
- Ver tilgjengeleg på Teams og telefon.
- Hald kontakten med medstudentar på skulen.
- Planlegg arbeidet ditt og ha naudsynt utstyr til å arbeide heimifrå.

Infection control guide for Bergen School of Architecture

Valid from August 17th 2020

The aim of the infection control guide for Bergen School of Architecture is to limit the risk and spread of the covid-19 virus. The basis is that everyone who has been more than 15 minutes within a 2 meter radius of an confirmed infected person must go into quarantine. For this reason we want you to keep your class as your main circle and your studio as your primary location while in school. The less movement between the classes and areas, the better we can limit the potential spreading of the virus.

If a student or employee is confirmed infected everyone in school will be notified. The school will sanitize the area and any person who has been in close contact with the infected will be put into quarantine.

The typical symptoms of the covid-19 virus are fever, coughing, shortness of breath and reduced/changed sense of taste/smell.

Our main rules are simple and must be followed at all times:

Always keep at least one metre distance. Wash your hands thoroughly and frequently. Disinfect your hands and contact surfaces often. Minimize touching your face.

Do you have symptoms? Stay at home, notify your teacher/assistant teacher and follow the teaching digitally if you feel well enough. Call the coronaphone on 55 56 77 00 for advice or order testing on the webpage of Bergen municipality.

If your test is positive, immediately inform Cecilie via text message to 988 36 892. Write your test result, full name and year/course. Inform your teacher/assistant teacher as well. You can return to school 7 days after your last symptoms, but at the earliest 14 days from the onset of the symptoms. Follow instructions from your doctor.

Keep up to date on information from the school and from the Institute of Public Health (FHI) at www.fhi.no.

1.0 General

Are you in the risk group? Let the school know at once.

Contact janitor Isak if a dispenser is out of soap or disinfectant.

Show each other courtesy regarding noise, distance etc.

Your class is regarded as a singular group and could be put into quarantine in case of an outbreak. It is therefore important to minimize movement and longer stays outside your studio.

Everyone should have their own washable mask available. If you get symptoms while at school and do not have a mask, contact Isak to get one on your way home.

2.0 While at BAS

2.1 Check the capacity of your studio

On each door is listed the maximum number of persons who can occupy the space according to the 1 meter-rule. The whole class/master course can work simultaneously in their assigned studio.

2.2 Movement in the building

We ask you to keep the movement within the building to a minimum. Plan where you are going and what you will need if you for instance are going to the wood workshop.

Use the stairs rather than the elevator as far as possible.

2.3 In the studio

Keep the studio tidy. This is the shared responsibility of the entire class/studio.

Clean your desk often. Mark your material clearly.

Have your own equipment available and minimize loaning of for instance drawing tools, computer etc.

2.4 The auditorium

Follow the limitation for the maximum amount of people in the auditorium. It is possible to expand into the cantina if needed.

2.5 The cantina

Rather bring a packed lunch than use the common kitchen.

Keep your own plate and cutlery.

Mind the 1 metre distance while sitting by the tables.

We encourage you to use the cantina and kitchen as little as possible. If you need to use it, it is important that you disinfect all contact surfaces before and after use.

2.6 The workshops

Mind the 1-meter rule and disinfect the surfaces before and after you are done. Always clean up properly after yourself.

2.7 The library

The library is for silent work only, not for discussions.

Only a certain number of students can use the library at once. If you know what book you need, please write an email to the librarian Line at line@bas.org and she will find it for you.

2.8 The quay

Avoid sitting/standing in large groups.

The sauna is closed until further notice.

2.9 The administration

Send an email (adm@bas.org) or call (55 36 38 80) if you have questions that do not require you to show up in person.

The tuition fee sticker will be handed out by the teachers.

Keys and student cards will be distributed to new students on the first day of school.

Refilling your printer card is done via e-mail to adm@bas.org.

2.10 Parking / access

The school has a limited amount of parking spots, these are only for students with a valid parking permit. Contact the administration if you are in need of one.

Avoid travelling via public transport if you can.

Bikes can be parked on designated spots either outside or in the hall.

3.0 Fieldtrips

Wash your hands often and thoroughly. Always keep disinfectant or soap available.

Keep one metre distance.

Have your own equipment available and minimize loaning.

Disinfect shared equipment before and after use. Toilet facilities should be disinfected/cleaned daily.

Divide the class into core groups that live and cook together during the trip.

Check if there are alternatives to public transport, for instance loaning/renting a car.

If you develop symptoms you should stay isolated and use a mask at all times. Notify your teacher/assistant teacher. Contact the local disease control authorities to check if you should be tested.

4.0 If you need to stay at home

Teaching usually starts at nine. If you cannot join, notify the teacher/assistant teacher as soon as possible.

Be available on Teams and telephone throughout the day.

Stay in touch with your colleagues.

Plan your work and have the necessary equipment available to work from home.